



Bente Tvedt  
Edvard Griegs Vei 27g  
5053 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7463 - 22/67720

Saksbehandlar:  
Liv Berit Ones  
liv.berit.ones@alver.kommune.no

Dato:  
07.09.2022

## Matrikelbrev gbnr 223/5 Setre

Viser til oppmålingsforretning den 10.06.2022.

Forretninga gjaldt oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 223/3/1 der ny matrikkeleining gbnr 223/5 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikelbrev for gbnr 223/5, kopi av protokoll for oppmålingsforretning og alle dokument frå kartverket tinglysing.

*Eit matrikelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no) for meir informasjon om matrikkelen.*

De kan no skriva skøyte på eigedomen og slette festekontrakten. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Relevant utdrag av matrikelbrevet er sendt til aktuelle partar i saka.

Eigedomen er å finna på [www.seeiendom.karverket.no](http://www.seeiendom.karverket.no) og [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56 37 58 80 eller epost [liv.berit.ones@alver.kommune.no](mailto:liv.berit.ones@alver.kommune.no)

### Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikellova §46](#).

Det kan klagast over heile saksgangen frå varsling til matrikkelføring. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Liv Berit Ones  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Grunnboksutskrift 223-5  
Tinglyst melding 223-5  
Grunnboksutskrift 223-3  
Protokoll 223-3-1

**Mottakarar:**

Bente Tvedt	Edvard Griegs Vei 27g	5053	Bergen
Jakob Høyland	Grønfjellet 51	5955	Lindås